

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Flesland, Clarion Hotel Bergen Airport
Dato: 23.08.2016
Tidspunkt: 14.30 - 16.15

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Anne Gine Hestetun	Fylkesordførar	A	
Roald Kvamme	Medlem	A	
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A	
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A	
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H	
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H	
Nils Marton Aadland	Medlem	H	
Terje Sjøviknes	Medlem	Frp	
Silje Hjemdal	Medlem	Frp	
Pål Kårbø	Fylkesvaraordførar	KrF	
Benthe Bondhus	Medlem	Sp	
Aud Karin Oen	Medlem	SV	
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG	
Anne-Beth Njærheim	Medlem	V	

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
Helge Nævdal	Medlem	A

Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Parti
Synnøve Solbakken	Helge Nævdal	A

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Kristine Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrid Helene Aardal	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent, fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar, fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen
sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 188/16	Godkjenning møteinnkalling		
PS 189/16	Godkjenning møtebok førre møte		
PS 190/16	Referatsaker (meldingar)		
RS 113/16	Spørsmål frå fylkesutvalet om revisjon av småkraftplanen og oversyn over utbygde vassdrag	2016/3740	
RS 114/16	Fylkeskommunale garantiar til Rogfast/Hordfast - Svar på spørsmål	2014/15115	
RS 115/16	Omlegging av takst- og rabattsystemet i igangsatte bompengeprosjekt i Hordaland sendt fra Statens vegvesen	2016/836	
RS 116/16	Svar på oversendingsforslag om miljøkrav til drosjenæringa	2016/6087	
RS 117/16	Kollektivtilbodet i Vardenområdet haust 2016	2014/278	
RS 118/16	Svar på oversending - mogelegheit for å bruke egne kontrollørar	2015/3001	
RS 119/16	Svar på oversending - pilotprosjekt med batteridreven hurtigbåt	2015/3001	
RS 120/16	Svar på oversending - kan Kokstadflaten bli siste bybanestopp før Flesland	2015/3001	
RS 121/16	Svar på spørsmål om korrespondanse lokalbuss og kystbussen på Føyeno og/eller Leirvik	2015/7972	
RS 122/16	Oversikt over tilsegn frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland pr. 30.06.2016	2014/10180	
RS 123/16	Orientering om overtalssituasjonen ved dei vidaregåande skolane pr 1. august 2016	2016/4580	
RS 124/16	Endringar i vallova	2016/6780	
RS 125/16	Svar på spørsmål om streaming av møta i fylkesutvalet	2016/6639	
PS 191/16	Løyving av ekstra tilskot til ferjesambandet Hufthamar-Krokeide	2015/580	
PS 192/16	Søknad om løyve for Isdøla kraftverk. Fråsegn.	2016/5069	
PS 193/16	Rekneskapsrapport pr. juni 2016.	2016/8047	
PS 194/16	TV-aksjonen 2016 - bidrag frå Hordaland fylkeskommune	2016/5103	
PS 195/16	Ymse		

PS 188/16 Godkjenning møteinnkalling

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.08.2016

Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend utan merknader.

PS 189/16 Godkjenning møtebok førre møte

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.08.2016

Vedtak

Møteprotokollen frå fylkesutvalet 23.06.2016 vart godkjend utan merknader.

PS 190/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.08.2016

I samband med RS 119/16 «Svar på oversending - pilotprosjekt med batteridreven hurtigbåt» oppmoda **Roald Kvamme (A)** Hordaland fylkeskommune om å vere aktive m.o.t. å søkje om midlar for å få til eit pilotprosjekt. Det kan eventuelt verte gjennomført i samarbeid med Rogaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen vil undersøke dette nærare.

I samband med RS 113/16 «Spørsmål frå fylkesutvalet om revisjon av småkraftplanen og oversyn over utbygde vassdrag» bad **Tom Sverre Tomren (MDG)** om å få eit heilskapleg oversyn over småkraftverk. Fylkesrådmannen vil leggje fram eit slik oversyn.

I samband med RS 114/16 «Fylkeskommunale garantiar til Rogfast/Hordfast - Svar på spørsmål» spurde **Tom Sverre Tomren (MDG)** om korleis bompengar vil verke inn på garantiar i ein framtidig ny region og kven som eventuelt vil sitje med kva for del av gjeldsbyrda. Fylkesrådmannen svarte at dei tre aktuelle fylkeskommunane vil utarbeide ei totaloversikt knytt til både økonomi og garantiar.

I samband med «RS 116/16 Svar på oversendingsforslag om miljøkrav til drosjenæringa» spurde **Tom Sverre Tomren (MDG)** om det er mogleg å dele løyvedistriktet Hordaland i fleire delar. Fylkesrådmannen vi kome tilbake med svar.

I samband med RS 126/16 «Fråsegn til begrensa høyring av reguleringsplan for RV 555 Sambandet Sotra - Bergen - Bergen kommune» sette **Aud Karin Oen (SV)** fram slik protokollmerknad:

«Gjennomgåande kollektivfelt innarbeidast som del av reguleringsplan på firefeltsveg. Kollektivfelte visast i plankartet og innarbeidast i planbestemmelsane. Ny bru dimensjonerast for framtidig bybane.»

I samband med RS 127/16 «Tidsdifferensierte bompengar i fellesferien» spurde **Silje Hjemdal (FrP)** om det er nødvendig å kome med konkret forslag til endring av ordninga dersom ein ikkje ønskjer tidsdifferensierte bompengar i fellesferien. Fylkesrådmannen stadfesta dette ved å vise til at bompengoordninga ikkje opnar opp for å differensiere bompengetakstane i høve til årstider og feriar. Endring føreset ny politisk handsaming mellom anna i fylkestinget.

PS 191/16 Løyving av ekstra tilskot til ferjesambandet Hufthamar-Krokeide

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at budsjettet for 2016 vert endra slik:

Stad	Art	Tekst	Meirutg/mindreinnt	Mindreutg/meirinnt
10.310.210.00	13700	Fylkesvegferjer	1.075.000	
10.720.200.00	14900	Rådveldekontoen		1.075.000

2. Fylkesutvalet legg til grunn at samferdselsbudsjettet for 2017 vert styrkt med ein tilsvarande sum.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.08.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner at budsjettet for 2016 vert endra slik:

Stad	Art	Tekst	Meirutg/mindreinnt	Mindreutg/meirinnt
10.310.210.00	13700	Fylkesvegferjer	1.075.000	
10.720.200.00	14900	Rådveldekontoen		1.075.000

2. Fylkesutvalet legg til grunn at samferdselsbudsjettet for 2017 vert styrkt med ein tilsvarande sum.

PS 192/16 Søknad om løyve for Isdøla kraftverk. Fråsegn.

Forslag til vedtak

Av omsyn til opplevingskvalitetane i regionalt friluftsområde av stor verdi, kommunale planar om reiselivsdestinasjon av stor regional verdi og stor samla belastning for friluftsliv i Sysendalen rår Hordaland fylkeskommune frå konsesjon til Isdøla kraftverk i Eidfjord.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.08.2016

Terje Søviknes (Frp) sette på vegner av Frp og Sp fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune rår til at det vert gitt konsesjon til Isdalstø kraftverk i Eidfjord.»

Røysting

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (Frp, Sp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 12 røyster (A, KrF, MDG, V, SV, H) og vart vedteke.

Vedtak

Av omsyn til opplevingskvalitetane i regionalt friluftsområde av stor verdi, kommunale planar om reiselivsdestinasjon av stor regional verdi og stor samla belastning for friluftsliv i Sysendalen rår Hordaland fylkeskommune frå konsesjon til Isdøla kraftverk i Eidfjord.

PS 193/16 Rekneskapsrapport pr. juni 2016.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2016 til orientering.

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.08.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet tek rekneskapsrapporten pr. juni 2016 til orientering.

PS 194/16 TV-aksjonen 2016 - bidrag frå Hordaland fylkeskommune

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 100 000 i driftstilskot til TV-aksjonen 2016.

Budsjettet vert endra slik:

10.120 930 00. 14700	Ymse tilskot	+100 000
10.720 200 00. 14900	Til rådvelde for tilleggsløyvingar	-100 000

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.08.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 100 000 i driftstilskot til TV-aksjonen 2016.

Budsjettet vert endra slik:

10.120 930 00. 14700	Ymse tilskot	+100 000
10.720 200 00. 14900	Til rådvelde for tilleggsløyvingar	-100 000

PS 195/16 Ymse

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 23.08.2016

ORIENTERING

Norsk klimaservicesenter orienterte om «Klimaprofil Hordaland». Følgjande deltok: Inger Hansen-Bauer, KSS/MET, Hege Hisdal, KSS/NVE og Brigte Samdal, NVE

OPEN TIME

Silje Hjemdal (Frp) viste til juninget sitt vedtak i saka om ny godsterminal (PS 58/16) og kommenterte at berre delar av vedtaket vart publisert på fylkeskommunen sine nettsider. Ho bad om at heile vedtaket i viktige saker vert publisert i framtida. Fylkesrådmannen stadfesta at dette vil verte gjort.

Silje Hjemdal (Frp) bad om status for vardeprosjektet ved nye Åsane vidaregående skole. Fylkesrådmannen vil kome tilbake med skriftleg svar.

Tom Sverre Tomren (MDG) gjorde merksam på prosjektet FriskBy Bergen og spurde om fylkeskommunen er kontakta med tanke på samarbeid. Fylkesdirektør regional utvikling opplyste at han ikkje kjenner til slikt initiativ. Han stiller seg positiv til dialog.

Tom Sverre Tomren (MDG) viste til at det til tider er dårleg korresponanse mellom ulike tilbydarar av kollektivtransport, t.d. buss, bane, tog, og spurde om manglande korrespondanse vert registrert og evaluert. Direktøren for Skyss orienterte om problemstillingar knytt til ruteplanlegging og stadfesta at feil vert kontinuerleg registrert og evaluert.